

Referat FAU møte 21.10.2015

Tilstades: Erlend Vakt skjold, leiar i FAU (frå 3.kl), Charlotte N. Grimstad (5.kl), Elin Gaulen (1.kl), Ann-Christin Kaland (7.kl), Bodil Kaland (2.kl), Trygve Kvalvåg (6.kl), Monica Th. Waage (rektor) og Kristine Lunde (4.kl).

06/15 Teieplikt

Rektor orienterte om teieplikta og alle skreiv under på at vi i FAU har teieplikt.

07/15 Møteplan

Møteplan for skuleåret 2015/2016:

01.10.2015 – 21.10.2015 – 02.12.2015 – 24.02.2016 – 18.05.2016.

Kl 18:00 i kantina på skulen.

08/15 Mål for FAU

Faste aktivitetar (framhald av gode tradisjonar)

a) **Temakveld** for foreldre (og lærarar)

Ansvar: FAU. Ein gong per år, gjerne seinvinter / før påske.

b) **Juleavslutning** i ungdomshuset. Ein del av tradisjonane frå tidlegare festar vil bli vidareførte, med nokon endringar.

c) **Dugnad for vennskap** – ein klasse/gruppe-kveld per halvår med sosialt samvere for elevar og foreldre (og lærarar som vil og kan). Eksempel er spelekveld, tur, ballspill, bading. Med eller utan mat. Ansvar: Vara-representant i kvar klasse.

d) **Sommaravslutning** på skulen. Sal av kaffi – saft – hotdog – kaker - boller

Ansvar; FAU delegerer innkjøp, heimebakst, kaffi og saft, samt betjening av salsbod.

Underhaldning og øvrige praktiske detaljer ved skulen. Dette er forslag frå slik det har vore tidlegare. Korleis det blir til våren, planlegg vi etter jul.

Dette planla vi konkret for dette skuleåret:

Juleavslutning vert 16. desember kl. 18-20. I år blir det enkel servering av julekaker, frukt, kaffi og saft. Inngangspengar, for eksempel 50 kr pr voksen, med ein makspris pr. familie, dette for å dekke husleige. Skulen og elevane står for underholdninga.

Ansvar for tillaging, servering og opprydding: 4. og 6. kl foreldre. FAU, ved Kristine (4.kl) sender innkalling til eige planleggingsmøte torsdag 3.desember. Vi vil ha ein eller annan form for påmelding, slik at vi kan anslå antall gjester. Dei elevane som skal byrja på skulen neste år, får ikkje spesiell invitasjon til juleavslutninga som før. Dette fordi opptaket er annleis, og det er ikkje berre ungar frå bygda. Dei nye 1.klassingane kan evt. bli inviterte til sommarfesten.

Temakveld: Tema blir lesing. Korleis bli ein god lesar? Kva kan foreldre gjera for at barna skal bli gode lesarar. Monica undersøker om forelesar innan tema. Det vil også bli eit kurs for foreldre i bruk av dataprogrammet Textpilot.

09/15 Vedtekter for FAU

Vedtekter frå Skodvin skule vert vidareført, men må gjennomgåast for å sjekke at namn og anna stemmer. Framlegg til vedtekter vert sendt ut saman med innkalling til neste møte, og vert handsama då.

10/15 Kvalitetsprosjektet og BTI-prosjektet

Lindås kommune inviterte foreldrerepresentantar frå skular og bhg til orienteringsmøte om prosjekta «Kvalitetsplan for oppvekst i Lindås kommune» (kvalitetsprosjektet) og «Betre Tverrfagleg Innsats for utsette born og unge i Lindås» (BTI-prosjektet). Kommunen ønskjer engasjement, involvering og spesifikke meiningar om kvalitetsprosjektet som no er ute på høring (frist 28.10) Dei ønskjer også foreldrerepresentantar til arbeidsgruppe og referansegruppe til kvalitetsprosjektet og til referansegruppe for BTI-prosjektet – frist for dette er 23.10. Erlend orienterte om dette. Dei som ønskjer å delta på dette, melder til Erlend innan fredag.

11/15 Økonomi

Oppfølging frå førre møte: «Rektor høyrer med kasserar i Montessoristyret ang. oppretting av konto»:

Eva Fyllingsnes undersøker med ein bank, om å oppretta konto. Kasserer Ann Christin orienterte om økonomi. Vi har 6700 kroner overført frå førre FAU, pluss 3000 kroner frå sommarfesten juni 2015.

Vi har pr. dags dato 9700 kroner.

Tradisjonelle inntekter har vore jul- og sommaravslutning. Utgifter har vore temakveld, utandørs installasjonar (leikeapparat, lavvo og liknande.) innkjøp av leiker og anna elevrådet søker om. Elevane kan tena pengar til FAU ved at dei lager ting dei kan selje. Då treng ein i så tilfelle hjelp frå foreldre.

Vi bør aktivt søkje støtte frå SpV og andre. Kan vi peike ut ein søknadsansvarleg? Dette pkt. går vidare til neste møte.

12/15 Garderobe

Det er tett i grovgarderoben, og fleire foreldre meiner orden og reinhald vert vanskeleg. Det er krevjande å få klede tørr. Skulen jobbar med saken. FAU vil gjerne hjelpa til med å gjera endringar.

Forslag som kom fram:

- Ta i bruk meir areal til ytterklede, flytte det som er «reint og ryddig» innover i bygget.
- Få vekk sekkane frå grovgarderoben.
- Foreldra MÅ merka alle klede.
- Ungane må vita kva dei eig og henga det opp.
- Foreldra bør komma innom skulen jamnleg for å sjekka kleda. Ta heim det som er overflødig.

13/15 Anna

Oppfølging av andre saker frå forrige møte:

a. Vennebenk – Trygve. Under arbeid.

b. Parkering – det er blitt litt betre. Erlend kontaktar styret om vidare arbeid med betre parkeringsmuligheter.

c. Julefest – sjå over.

d. Undervisningsmateriell – Charlotte kallar inn til ein kveld der foreldra lagar materiell.

e. Rydding av skråning – dugnad fredag 30.- laurdag 31. Vidar Gjerstad ordnar med innkalling.

f. Hytte – Det er ønskje om ei leikehytte eller hytte i skogen. Dette kan vera eit prosjekt med foreldre/besteforeldre og elevar i skuletida. Som eit «kunstprosjekt» til våren.

g. Skyss – nokre elevar må fortsatt bytte buss og vente ein del. Trygve Kvalvåg jobbar med den saken. Rektor kommuniserer elles mykje med dei ulike skuleskyssa. Framleis er det ikkje mulig å ta bussen heim til andre. Dette kan det bli ei endring på ved eit anna tidspunkt. Sikkerheten til elevane går framføre alt. Vi i FAU seier oss einige i dette.

Skodvin 21.oktober 2015

Kristine Lunde – skrivar.